



# Bibelkveldar Hausten 2024

*«Det skjedde i dei dagar...»  
Det nye testamentets samtid*

15.07.2024

Denne hausten blir det bibelkveldar i **Bryne kyrkje** med fokus på **Det nye testamentets samtid**.

Dato: **Tysdag 15.10., 29.10. og 12.11.**

Møtetid: **19.00 til 21.15**, med to innlegg kvar kveld og høve til å stilla spørsmål. Det blir kaffipause mellom innlegga.

## «Det skjedde i dei dagar ...» - Det nye testamentets samtid

Kjennskap til Det nye testamentet si samtid gir oss ein viktig bakgrunn for å forstå dei bibelske tekstane. Foredraga på bibelkveldane vil i år gje oss geografisk og historisk kunnskap som bakgrunn for bibellesinga.

Tysdag 15. oktober vil Jarle Stormark gje oss innblikk i korleis me kan forstå «Det heilage landet» som ein del av Romarriket og gje oss ei geografisk oversikt over Jesu verksemd. Her får me høyra om landskap som Judea, Galilea, Samaria, Dekapolislandet og Jordandalen. Men kva var eigentleg forholdet mellom keisaren i Roma og dei lokale leiarane? Kven var Pontius Pilatus og kva rolle hadde han? Og kva posisjon hadde familien etter kong Herodes den store, som døydde kort tid etter Jesu fødsel?

Tysdag 29. oktober vil Fartein Valen-Sendstad fortelja om Galilea og om Jerusalem på Jesu tid. Jesus vaks opp i Nasaret i Galilea og flytta som vaksen til Kapernaum, som også ligg i Galilea. Samtidig står Jerusalem i Judea sentralt i evangelieforteljinga. Kven var det som budde desse stadane? Og korleis levde folk der? Kven var det som følgde Jesus? Og kan me seia noko om kvinnene si rolle i samfunnet, - det er jo mest menn som er omtalte med namn i evangeliet?

Tysdag 12. november vil Arne Berge ta for seg dei ulike retningane i jødedommen på Jesu tid. I Bibelen høyrer me om dei skriftlærde og om farisearar, saddukearar og selotar. Frå andre kjelder kjenner me essearane. Det er heller ikkje unaturleg å rekna dei Jesus-truande som ei jødisk gruppering. Kva var det som særprega dei ulike retningane? Og kva var forholdet mellom dei?

## Bibelkveldane blir arrangerte av Bryne kyrkjelyd.

Komité: Arne Berge, Ivar Johannessen, Jan Helge Stensland, Kirsten Jæger Fjetland og Kjell Ragnar Thu.

Desse vil stå for undervisinga:

**Jarle Stormark**, Førsteamanuensis ved Universitetet i Stavanger

**Fartein Valen-Sendstad**, Professor emeritus ved Universitetet i Stavanger

**Arne Berge**, tidl. sokneprest i Bryne og Hinna

I det siste foredraget vil Arne Berge sjå nærare på Paulus si verksemd. Paulus reiste rundt i store delar av Romarriket og forkynte evangeliet i fleire av dei viktigaste byane i samtida. Han skreiv fleire brev som sidan blei ein del av Det nye testamentet. Men kva veit me om livshistoria hans? Korleis arbeidde han? Hadde han både kvinner og menn som medarbeidarar? Og korfor blir han kalla «heidningane sin apostel», når han der det var mogleg, først forkynte i synagogen?

Me trur mange vil ha utbytte av desse kveldane, og inviterer bibelgrupper og foreiningar til å legge samlingane sine til bibelkveldane.

## Program

Tid	Tema	Foredragshaldar
15. okt.		Jarle Stormark
	<b>«Det heilage landet» som ein del av Romarriket</b>	
	<b>Geografisk oversikt over Jesu verksemd</b>	
29. okt.		Fartein Valen-Sendstad
	<b>Galilea på Jesu tid</b>	
	<b>Jerusalem på Jesu tid</b>	
12. nov.		Arne Berge
	<b>Ulike retningar i jødedommen på Jesu tid</b>	
	<b>Paulus si verksemd</b>	